

Midtre Haram Storvald

Årsmelding 2016 - 12.driftsår

Andre år i tredje driftsplanperioden i storvaldet hatt styret hatt denne samansetjinga:

Anders E. Leine	Leiar
Arne Skaar	Nestleiar
Øystein Austnes	Kasserar
Even Otterlei	Sekretær
William Eidsvik	Styremedlem

I år har det vore halde 4 styremøter, eit jegermøte og årsmøtet. Styremøtene var forberedande møter til årsmøte og jegermøtet, eit i samband med felling av eit dyr og eit statusmøte undervegs i jakta da vi passerte avskytingsmålet som er satt i driftsplanen.

Vi starta våren med vårteljing, som vanlig var datoane 15.april og 1.mai. Det vart ikkje observert noko særlig nedgang frå teljingane dei siste åra, men dyra hadde spreidd seg utover på en litt annan måte. Teljingane blir utførte av medlemmer frå styret og frivillige jegerar i nærområdet.

Samarbeidet med dei enkelte jaktfelte er godt. Rapporteringa skotne dyr og slaktevekt har kome inn i tide med eit unntak. Det er verre med sett hjort registrering, vi har ei kjensle av at ikkje alle som jaktar bryr seg med å fyller ut desse skjema og leverer dei inn til jaktfeltleiar. Skal ein jakte og forvalte hjortevilt skal en forholde seg til dette. Styret oppfordrar jaktfeltleiarar til å ta tak i dette i årets jakt sesong. Om vi er flinke kan vi på sikt hente ut «Sett hjort per jegerdagsverk», «Sett kolle per bukk», «Sett kalv per kolle», «Sett spissbukk per eldre bukk» og «% av sett hjort som blir skoten» statistikk frå Sett Hjort.

Veret under jakta i 2016 har vore todelt. Frå jaktstart til 1.november var det veldig fint og sommartemperaturar langt utover hausten. Frå starten av november har det vore ruskete ver med mykje vind og nedbør fram mot lille julaftan. Frå jaktfelte blir det rapportert inn at

det er normalår med tanke på antall hjorteobservasjonar. I år som i fjor rapporterer fleire jaktfelt at dei ser lite kalv.

I 2016 vart det felt 87 hjortar og 4 rådyr i heile Midtre Haram Storvald. Dette er 18 fleire enn 2015 sesongen, og 3 hjort mindre enn i toppåret 2013. Med tanke på eit etterslep på 11 hjort frå første år i denne driftsplanperiode er det heilt greitt å skyte 7 fleire dyr enn avskyttingsmålet. I sesongen 2017 tek vi med oss eit etterslep på 4 dyr, og vi må kanskje være meir rasjonelle med tilleggsdyr enn i 2016 sesongen, der alle som bad om tilleggsdyr fikk tildelt ekstra løyve.

Under jakta 2016 hadde vi 7 ettersøk etter påskotne hjortar. Tre dyr vart funnen av ettersøksjeger, dei resterande dyra var det ikkje spor etter og vart dermed «friskmeldt». Talet på ettersøk var høgt i år, men det er positivt at jegerane oppsøker hjelp når problem oppstår, uansett utfallet til ettersøket. Ettersøksjegerar var i år Even Otterlei og Tor Johan Hatlehol.

Når ein ser på snittvekter er det viktig å tenke på at vi streber etter å luke vekk dei minste og svakaste dyra, dette får sjølvsagt innvirking på snittvektene.


Ein kan sjå at vekter på spissbukk fortsatt er god. Kalve vekten blir dratt ned ca 1kg pga av kalv på 9 kg ble skutt. Fjorskolle vekten har falt en del, mye pga tre vrakdyr. Det er skote mykje store bukkar denne sesongen.

Tabell for snittvekter:

Snittvekt	Kalv	FK	SB	EK	EB
2005	25,8	46,2	48,6	53,1	77,4
2006	25,6	41,9	45,8	53,8	65,4
2007	24,4	43,3	45,8	54,1	72,5
2008	24,3	41	46,3	53,2	83,2
2009	24	40,7	48,9	54,8	83,9
2010	23,3	40,9	46	54,9	70,5
2011	23,8	39,5	43,2	52,7	69,9
2012	26,2	41,8	45,1	56,5	78
2013	25,1	40,6	47	52,7	79
2014	23,7	45,2	46,1	54,2	86,5

2015	26,9	44,1	49,4	55,6	78,5
2016	23,3	40,8	48,6	55,6	91,6

Årlig utviling på vekter:



Som vi kan sjå i tabellen nedanfor skyt vi forholdsvis jevnt av dei ulike kjønn og aldersgrupper igjennom dei siste driftsperiodane. Avskyning av eldre bukk er det høgaste % sidan «rekordåret» 2007. Det har også vore skote nokre fleire FK enn eit normalår. Ein del av målsetjinga er å spare store, gode avlsdyr, og legge uttaket på ungdyr.

Antall	Hokalv	Hannkalv	FK	SB	EK	EB
2016	9	10	16	14	21	17
2015	7	14	10	12	15	11
2014	10	9	10	15	19	16
2013	11	10	11	25	21	14
2012	15	8	10	11	25	11
2011	13	13	6	12	22	12
2010	13	8	17	16	24	6
2009	11	11	12	10	24	15
2008	8	11	11	11	20	14
2007	10	14	6	9	18	18
2006	15	15	12	7	19	6
2005	9	9	6	13	13	10

Avskyting i forhold til satte mål i driftsplan:

2016	Kalv %	FK %	Kolle %	Bukk %
Skote	22	18	24	36
Målsetjing	30	15	20	35

Samla kjøttutbytte av hjortejakta er 4526kg, som med ein kg-pris på 75kr tilsvarer kr. 339450.

Totalt i 12års perioden er det skote 936dyr.

Dyr nr.1000 blir trolig felt i sesongen 2017.

Det er tatt ut ein kalv/ ungdyrprosent på 56, som er i nedre sjiktet av trenden dei siste 12åra.

Største bukken vog 140 kg, minste kalven vog 9 kg.

Ein spissbukk og tre fjorskoller har vorte klassa ned til kalv i år.

To kalvar har blitt ført på storvaldet si skrapdyrkvote, men fire kalvar har vore under vektgrensa på 20kg. Ein eldre bukk med brukken fot har også blitt ført på storvaldets skrapdyrkvote.

Under jakta har styret kontrollert 12 felte dyr utan merknad.

Storvaldet er endelig registrert i Brønnøysundsregisteret med organisasjonsnummer 916 463 944. Alt er nå i orden med bankkontoen i SBM. Det er no litt meir tungrodd dersom man skal endre styresamansetjinga, da man må melde inn endringar med personnummer osv + godkjenning i altinn.

Storvaldet har heimeside "www.mih.no" som har blitt oppdatert nesten daglig gjennom heile jaktperioden. Mange er flinke å sende inn bidrag i form av bilder. Dei gangane det kjem ei historie ilag med bildet er det ekstra hyggelig.

Vi får gode tilbakemeldinger på nettsida, men det er sikkert rom for forbedringer, så fram mot jegermøtet er det fritt fram å komme med konstruktive tips.

2017 blir tredje år i tredje driftsplanperiden

For styret i Midtre Haram Storvald
Anders Engeseth Leine, leiar